
Fra: kjell@reigstadbygg.no
Sendt: 19. april 2016 09:57
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Per Sveinar Morsund; post@reigstadbygg.no; post@arkoconsult.no; Kristin Schübeler Nielsen
Emne: Re: Sak 16/1049 gbnr 137/28 Alver

Vi viser til hyggeleg samtale i dag og stadfester at saka kan registerast som ei 12-vekerssak.

Vi ber om at saka vert prioritert sett i lys av merknaden som genererer utsetjinga.

Merknaden omhandlar ikkje sjølve tiltaket som er byggemeld, men er eit ønskje om endring av plankart og situasjonsplan slik at vedkomande si avkjørsle på motsett side av den kommunale vegen viser. Vi har meint at merknaden høyrer heime i plansaka, og har på eige initiativ tatt kontakt med planavdelinga og fått endra plankartet for Alverneset, slik at avkjørsle vert rett definert/vist. Ta eventuelt kontakt med Kristin Nielsen som er sakshandsamar for reguleringsplanen. Nabo har tidlegare/i planprosessen fått planen til uttale/høyring, men har ikkje kome med merknad til denne.

Når det gjeld situasjonsplanen (vegplan) viser avkjørsla til nabo, men ikkje så tydeleg som han ønskjer....

med helsing

Kjell Reigstad

Reigstad bygg og Eigedom as
Dirtlf: 977 47 964
Epost: Kjell@reigstadbygg.no
Heimeside: www.reigstadbygg.no

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no>
Til: "post@arkoconsult.no" <post@arkoconsult.no>
Kopi: "post@reigstadbygg.no" <post@reigstadbygg.no>
Dato: Mon, 11 Apr 2016 08:29:26 +0000
Emne: Sak 16/1049 gbnr 137/28 Alver

De har søkt om løyve til opparbeiding av veg på eigedomen. Dersom 3 veker sakshandsamingsfrist skal vere aktuelt må de sende inn stadfesting frå nabo om at merknaden er trukken. 3 veker fristen vil da løpe frå ei slik stadfesting er motteken. Dersom stadfesting ikkje vert sendt inn vert saka registrert som ei 12 veker sak med frist frå innsending av søknad.

Svar i saka sendast til postmottak@lindas.kommune.no med kopi til sakshandsamar.



Per Sveinar Morsund

rådgjevar

Tlf: 56 37 50 00

www.lindas.kommune.no